


folkemusikk

Dei gamle er eldst



03 / 17

LANDSKAPLEIKEN OG LANDSFESTIVALEN
FINST DET EIN NORDISK FOLKEMUSIKK?
FOLKEMUSIKKARKIV OG FORMIDLING
GITAREN I NORSK FOLKEMUSIKK
MARGIT MYHR • HÅKON THELIN • LJOM

INTERPRESS
1130-03



RETURVEKE 50

INNHALD

- 8 Røros-refleksjonar**
Ragnhild Knudsen, Bjørn Aksdal og Tom Willy Rustad skriv om sine opplevingar frå Landskappleiken 2017
- 18 Røros-meldingar**
Nye plateutgivingar frå Røros-traktom: Dalakopa, Sven Nyhus Kvintett og Jens Nyplass
- 24 Pardansen som ikkje er pardans**
Tre unge dansarar lærer seg springdans frå Land med to i følge
- 31 Tovdalsspelemannen Salve Austenå er 90 år**
- 32 Landsfestivalen i gammaldansmusikk – kva nå?**
Trond-Ole Haug reflekterer kring årets festival og vegen framover
- 35 Meldt – Aslak Brimi: ette' Lykkja**
- 36 Kva med gitaren?**
Refleksjonar kring eit nymotens norsk folkemusikkinstrument
- 43 Margit Myhr: folkemusikalsk multitalent**
Kvedar, multiinstrumentalist, folkedansar og kongepokalvinnar
- 48 Gjer døra høg, gjer porten vid**
Korleis gjer folkemusikkarkiva materialet sitt tilgjengeleg for ålmenta?
- 55 Spelemannen Eivind Fjalestad frå Nissedal (1853–1919)**
Kjempekaren som lærde Knut J. Heddi «Skuldalsbruri»
- 58 Ljom: Sounden av Snåsa**
Frå viser, jazz og klassisk song til heimleg seterkauk
- 64 Håkon Thelin: Folkemusikkens djupaste strengar**
Kontrabassens folkemusikk og folkemusikk på kontrabass
- 68 Unni Løvlid vil bygge fagmiljø for folkesongarar**
- 70 Meldt – ComboNations: Dunya**
- 72 Merkevara Norden**
Finst det ein nordisk folkemusikk? Rapport frå ein bransjetreff
- 77 Klangen av Norden**
Georg Arnestad om Nordic Sound Folk Orchestra på Førdefestivalen
- 82 Robert Simonds: Nordic Folk-general**
Då Minneapolis fekk plateselskap og festival for nordisk folkemusikk
- 86 The American Dream**
Reisebrev frå eit kurs i finnskogspols for amerikanarar
- 92 Skråblikk frå Solli Plass: På ein krokete landevæg**

Magasinet er gitt ut med støtte av Norsk kulturråd, gjennom innkjøpsordninga for allmenne kulturtidsskrift.



KULTURRÅDET
Arts Council
Norway

Framsidedfoto:

Salve Austenå frå Tovdal i Aust-Agder fylte 90 år 12. august i år. Han er den viktigaste kjelda til ein særmerkt slåttetradisjon med røter tilbake til 1700-talet, og til våren gir heimkommunen Åmli ut bok om spelemannen og spelet hans.

(Foto: Erik Holand, Agderposten)

Adresse
Folkemusikk
Postboks 4613 Sofienberg
0506 Oslo

www.folkemusikk.no
E-post: redaksjon@folkemusikk.no

Ansvarleg redaktør
Audun Stokke Hole
Tlf.: 45 85 18 98
E-post: audun@folkemusikk.no

Eigar
FolkOrg – Organisasjon for folkemusikk og folkedans

Abonnement
Jorun Hagen
Tlf.: 22 00 56 22
jorun@folkorg.no

Annonseal
Liv Annette Nygjerdet
Tlf.: 934 19 382
annonse@folkorg.no

Bladbunad Dekode, Oslo
Grafisk design DP Reklamebyrå, Sarpsborg
Trykk UnitedPress, Riga

Folkemusikk er eit frittstående tidsskrift for folkemusikk og folkedans.

Folkemusikk er medlem i Norsk Tidsskriftforening, www.tidsskriftforeningen.no.

ISSN 1891-6473

Utgjevsplan 2017
Utgåve 3/17, august – veke 38
Utgåve 4/17, november – veke 49



Korleis tenkjer folkemusikkarkiva om å gjera arkivmaterialet tilgjengeleg for ålmenta i 2017?

GJER DØRA HØG, GJER PORTEN VID

TEKST: IDA HABBESTAD

Det er august 2017, og eg skal skriva om folkemusikkarkiv og formidling. Medan eg førebuar arbeidet kjenner eg på ein romantisk fascinasjon for det å samla og katalogisera, å leita meg innover i lagra materiale. Parallelt startar eg som eg ofte gjer: Eg tyr til Google.

Eg søkjer på ordet «folkemusikkarkiv», og kjem til sida *folkemusikkarkivet.net*, heimesida til Nettverk for norske folkemusikkarkiv. Derifrå klikkar eg meg, dels systematisk og dels tilfeldig, inn i dei ulike arkiva. Mange har funksjonelle nettsider. Alle gjev grei informasjon om samlingane sine, om typen innhald og samlingane sitt omfang. Alle er høgst inviterande, eg forstår at eg vil verta teken godt imot.

Men, må eg innrømme, det er nok ein utopi at eg finn vegen dit. Kvardagen byd ikkje på nok tid – og kvar skulle eg starta å orientera meg? Er eg eigentleg nokon mogleg brukar av folkemusikkarkiva?

EIN STØRRE SAMANHENG

Eg spør ein av arkivarane om hennar syn på motivasjonen bak det å formidla.

– Eg meiner det er grunnleggjande i eit demokratisk samfunn at innbyggjarane har god tilgang på informasjonen arkiva forvaltar. Det bør vera den viktigaste ambisjonen for arkiva, å tenkja at ein skal vera tilgjengeleg og synleg for både «kvinna i gata» og superbrukaren, svarer Synnøve S. Bjørset, musikkarkivar ved Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane.

Ho legg til at folkemusikkarkiva i Noreg har ulike føresetnader, og at ein ikkje kan venta det same av små privatarkiv som av større arkiv knytt til offentlege institusjonar. Og likevel, refleksjonen om korleis ein best kan visa fram materialet bør vera prioritert nummer éin for eit kvart arkiv, meiner Bjørset.

– I dag reknar me utøvarane av folkemusikk og dans, pluss musikkforskarar og etterkommarane til dokumenterte utøvarar, som kjernebrukarar. Men det er eit større potensial, særleg om ein får vist kva arkiva kan fortelja oss. Arkiva vitnar til dømes om nasjonsbyggingsprosjektet; kva me valde å dokumentera – og *ikkje* å dokumentera. Mange minoritetsgrupper er ikkje representerte, for å ta berre eitt eksempel. Materialet i arkiva gjev høve til å forska på mykje.

Men når det er snakk om arkiva, er det som oftast utfordringane eg høyrer om. Ressursane er knappe. Mykje digitaliseringsarbeid er gjort, men mykje står også att. Og det er strukturelle hindringar, som at arkiva manglar eit felles, samordna registrerings-system; ein manglar den nasjonale overbyggnaden.

Og så er det åndsverklova, som regulerer kva og korleis ein har lov til å formidla. Lova slår fast at utøvande kunstnarar har enerett til å rå over si eiga framføring, i 50 år etter framføringa fann stad eller vart offentleggjort.

– Somme arkiv slår seg til ro med denne avgrensinga. Ein har ein veldig respekt for materialet, og held att for å ikkje gjera feil. Det hindrar formidlingsarbeidet, trur Bjørset, som ønskjer at arkiva

vart flinkare til å skaffa bruksløyve hjå kjeldene eller etterkommarane deira.

– Mi erfaring er at folk stort sett er glade for at opptak av dei kan brukast. Når enkeltpersonar avslår er det oftast snakk om nolevande, aktive utøvarar, som ønskjer å venta til karrieren er over for dei deler materialet. Det har eg sjølv sagt forståing for, seier ho.

Ei anna hindring for publisering handlar om etikk og utøvarens sitt ettermæle.

– Opptaka er ofte gjort i ein uførmell situasjon. Kanskje er utøvaren på opptaket av ein slik alder at det ikkje kling like bra som då vedkommande var yngre. Det kan òg vera andre forhold ein bør ta stilling til, og det er viktig at fagpersonar tek hand om desse komplekse vurderingane. Men igjen er ein ofte for forsiktige; eg trur mykje kan løysast ved at ein kommenterer materialet, og ved å ha ein regi på korleis ein formidlar. Verdien av å gi tilgang er så stor at ein burde leggja større ressursar i å få det til, hevdar Bjørset.

– *Det er i samfunnets interesse å ha tilgang— men korleis gjer ein fleire merksame på arkiva?*

– Arkiva bør prioritera internett som ein viktig kanal for formidling, svarer Bjørset. – Folk forventar det, både å lytta til deler av ei samling og å kunna søka i ein katalog. I Sogn og Fjordane har me oppretta ein Soundcloud-konto med spelelister. Så har me artikkelserien *Mitt arkiv*, der musikarar og komponistar fortel om deira forhold til folkemusikkarkiv. Me har jo visst at utøvarane brukar



Brukerrettleiing og reitar Instrumentkategoriar & utøvarar/Litter

KURS MED KJETIL FLATIN PÅ SUNDRE

Musikkarkivet

4 Weeks

1 Der gamle tonane | Elin Grytting

2 Bersten | Sigmund Eikås

3 Springar etter Johanna Omberg | Mari Omberg

4 Springar | Johanna Omberg

1 Bersten | Sigmund Eikås

1 Kuttak | Anna Nummedal

VESTFOLD ARKIVET

DM OSS FOR PUBLIKUM SPESIELT FOR FYLKESH

Folkemusikk fra Vestfold

Øystein Gjerdje begynte innsamlingen av folkemusikk i Vestfold i 1979. Med seg hadde han Anne Grethe Husby, Per Ola Nyhus og Svein Aakerholt, alle fra lekemiljøet i Stundefjord, Sænder lekarring og "Nemnda for folkelig musikk, sang og dans i Vestfold".

Innsamlingen ble satt i gang som ledd i en innsamling av norsk folkemusikk initiert av Norges Bygdloungdomslag. Målet var å finne og løfte fram Vestfoldsmusikk, for på denne tiden var det mest fokus på folkemusikk-tradisjoner i Telemark og de store dalene (Hallingdal, Gudbrandsdalen og Valdres). Initiativtakerne fra Vestfold ville vise at det også var tradisjonsmusikk her i fylket.

Utstyrt med stor idealisme og båndopptaker dro de ut i Vestfold-landskapet. Og jammen hadde gamle spillmenn i Vestfold mye på lager - også mye uventet, som gamle

HALLINGDAL, HARDINGFELE, HOL

Hallingspel Podcast #5

Kristian Ørevollseie

0 kommentarar

HALLINGDAL, HARDINGFELE, HOL

Hallingspel Podcast #3

Olav Sata-slåtten

Hallingspel

HALLINGDAL, HARDINGFELE, HOL, VESTLANDET

Hallingspel Podcast #2

Svein Nestegard

Mesterdanseren Svein Nestegard

Det finst etter kvart mange stader på internett der ein kan høyre på, laste ned og fordjupe seg i norsk folkemusikk. Skjermbileta er henta frå: soundcloud.com/fylkesarkiv (Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane); aalbygdearkiv.locloudhosting.net (lydsamlinga ved Ål bygdearkiv); vestfoldarkivet.no/vestfolds-folkemusikk-smakebiter (Gjerdesamlinga ved Vestfoldarkivet); og hallingspel.no

gjera i hølling.

Dette kallar me for parhalling, ein dans som liknar på dansar som gangar og bonde. Fellestrekket med desse dansane er at du kjem og gå-dansa dei sidan musikken er i totalt og det finst ein del like motiv.

Folkepedia

f Q

SJÅ FILMEN

SJÅ FILMEN

SJÅ FILMEN



SPRINGAR FRÅ NORDRE SUNNMØRE

TANNFEENS HEVN (SONG)

DU E HENTA (KOREOGRAFI)

Du e henta er ein koreografi som passar til

Folkepedia er eit prosjekt i god NU-tradisjon, med filmar der barn instruerer i folkedans for andre barn. (Skjermbilete: folkepedia.no)

arkiva, men har visst lite om erfaringane deira, korleis dei møter og brukar arkiva.

Det er òg viktig å tenkja tverrfagleg, understrekar Bjørset.

– Musikkarkiva er kulturhistoriske arkiv, til liks med fotoarkiv og stadnamnsamlingar. Me bør vera synlege på dei same plattformene, slik at materialet kan sjåast i ein større samanheng. Om det i eit fotoarkiv finst bilete av ein utøvar, er det kult om det kjem fram at me hjå oss har opptak av denne utøvaren – og omvendt.

EIT FELLES VERKTØY?

Formidling på nett fordrar publiseringverktøy. Mellom dei mest aktuelle verktøya for tida er LoCloud, ei skybasert løysing for å publisera digitalt arkivmateriale på nett. Formatet er tilpassa Europeana, ein database der bøker, filmar, maleri, gjenstandar og anna arkivmateriale frå heile Europa er samla til ei diger digital, søkbar utstilling.

– Sjølv om det skjer nybrottsarbeid med formidling i arkiva, er det essensielt at ein tenkjer felles, slik at brukaren kan søka i fleire arkiv samtidig. Utan felles registreringssystem er materialet vanskeleg å finna. Om fleire nyttar det same verktøyet, er det i seg sjølv til hjelp, seier Ann Tove Manshaus. Ho er rådgjevar ved Vestfoldarkivet, og i nettverket Samdok koordinerer ho arbeidet med å gjera norske lydarkiv tilgjengelege gjennom LoCloud.

Manshaus hadde ikkje fordjupa seg særskilt i lydarkiv før ho i 2010 vart kontakta av Ål bygdearkiv og deretter Folkemusikksenteret i Buskerud. Begge ønskte hjelp til å digitalisera, gjera materialet tilgjengeleg og å få lyden lagra for ettertida. Manshaus kontakta Nasjonalbiblioteket og Riksarkivet for vegleing, men oppdaga at det ikkje var klare ansvarsdelingar mellom institusjonane i nokon av desse spørsmåla.

Men i Riksarkivet kom ho i kontakt med Olav Sataslåtten (d.y.), og saman etablerte dei et

pilotprosjekt ved Ål bygdearkiv for å sjå korleis LoCloud kunne fungera der. Med støtte frå Ål kommune og Sparebank1 Hallingdal Valdres vart lydsamlinga digitalisert og redigert i gratisprogrammet Audacity. I dag er materialet som ikkje er omfatta av åndsverklova, samt lydspor der det er gitt bruksløyve, fritt tilgjengeleg på aalbygdearkiv.locloudhosting.net, som det første større opne arkivprosjektet for norsk folkemusikk.

– Me har fått gode og konstruktive attendemeldingar på nettsida, og institusjonar som ønskjer å prøva ut LoCloud for både lyd og film har teke kontakt, fortel Manshaus.

Arbeidet opna også nye dører. For å auka eigen kompetanse, har Vestfoldarkivet etablert prosjektet *Lyden av Vestfold* i samarbeid med utøvarar frå fylket. I første omgang skal utdrag frå folkemusikksamlinga etter lærar og innsamlar Øystein Gjerde publiserast, med kvalfangstviser, drikkeviser, salmar frå frikyrkjer og vokal folkemusikk.

«Eg meiner det er grunnleggjande i eit demokratisk samfunn at innbyggjarane har god tilgang på informasjonen arkiva forvaltar. Det bør vera den viktigaste ambisjonen for arkiva, å tenkja at ein skal vera tilgjengeleg og synleg for både 'kvinnas i gata' og superbrukaren.»

Synnøve S. Bjørset



I prosjektet Arvesølvvet har fire lokale musikarar teke føre seg og tolka arkivmateriale frå Sogn og Fjordane fylkesarkiv. F.v. Linda Gytri, Øyvind Hegg Lunde, Erlend Apneseth og Hilde Marie Holsen. (Foto: Oddleiv Apneseth for Førdefestivalen)

I den nasjonale prosjektgruppa er målet å få folkemusikkarkiva samsnakka, å utarbeida ein metode for vidare bruk av LoCloud, samt auka medvitet om åndsverklova og kva ein kan leggja ut på nett. Men sjølv om fleire tiltak er sett i gang, er det viktig at ein ikkje undergraver det nasjonale ansvaret, påpeikar Manshaus.

– Aktørane må samla seg og stø opp om overbygningane. Til dømes bør dei vera medlem av Arkivforbundet, som jobbar for privat- og lokalar-kiva sine interesser. Dei har nyleg utvida styret med Marit Stranden ved Norsk senter for folkemusikk og folkedans, for nettopp å fremja lydarkiva si sak.

For det tek tid å utvikla feltet, understrekar Manshaus. Ein må forklara behovet tydeleg for politikarar og institusjonar, få dei til å sjå behovet for ressursar og ansvarsdeling.

– Ikkje minst bør Nasjonalbiblioteket og Riksarkivet snart verta samde om kven som skal ha ansvaret for eit nasjonalt depot for langtidslagring av lyd. Mykje av den norske tradisjonsarva kan gå tapt om ein ikkje tek betre vare på det.

ETTERKOMMARAR SET GRENSER

Olav Sata-slåtten er samd. Han er tilsett i Riksarkivet, men har engasjert seg i folkemusikkfeltet på privat initiativ. Namnet sitt deler han med bestefar sin, ein kjend hardingfelespelemann frå Ål. Mellom anna har Sata-slåtten d.y. bygd sida *Hallingspel.no*, der han har gjort utval i arkivmateriale, transkriberert og publisert det han har funne interessant og som er eldre enn åndsverklova sitt verkeområde.

– Då me flytta attende til Hallingdal for eit par år sidan, vakna ei sterk interesse i meg for folkemusikken i området. Aller først var det opptak med bestefar min eg søkte, og sidan har eg utvida interessa til både skriftleg materiale og tradisjonsområde langt frå Hallingdal, fortel han.

– *Dersom ein relativt enkelt kan setja opp ei slik side, kvifor er det ikkje gjort meir i arkiva?*

– Ein skal ikkje undervurdere kor ressurskrevjande arbeid dette er. Når det gjeld bruk av skriftlege kjelder, opplever eg at etterkommarane til ei kjelde ofte legg for store avgrensingar på forskarane. Dei kan vera forsiktige og vil spørja nær heile slekta før dei kan gje tilslutning. Eller dei tenker at materi-

alet er ein kulturskatt med stor verdi om den var utgjeven i bokform.

Men det er ikkje berre etterkommarane som kan vera opnare, meiner Sata-slåtten.

– Eg er forundra over avgrensingane folkemusikkarkiva pålegg seg sjølve. Ved publisering av lyd er nok arkivarane for usikre i spørsmål om opphavsrett. Vel kan det vera mangel på ressursar, men det herskar òg mange misforståingar om kva som kan leggjast ut og ikkje. Så vidt eg veit digitaliserer arkiva nesten alt, men publiserer lite. I 2017 kan det ikkje vera slik at ein sit på 50–60 000 opptak og ei førestilling om at 99 % av dette ikkje kan formidlast på nett.

Sata-slåtten meiner dette er til skade for folkemusikk- og folkedansmiljøet, ikkje minst for utøvarane. Dei færreste utøvarar tek seg bryet med å gå til arkivet, påpeiker han – noko som igjen påverkar kva for tradisjonsstoff publikum og samfunnet får tilgang til.

– Materialet i arkiva døyr ut om det ikkje vert tradert. Folkemusikkarkiva bør vera meir aktive på området, og innhenta bruksløyve medan det er

«Sjøl om det skjer nybrottsarbeid med formidling i arkiva, er det essensielt at ein tenkjer felles, slik at brukaren kan søka i fleire arkiv samtidig. Utan felles registreringssystem er materialet vanskeleg å finna. Om fleire nyttar det same verktøyet, er det i seg sjølv til hjelp.»

Ann Tove Manshaus

mogleg frå kjelda sjølv. For eldre materiale meiner eg omsynet til kvalitet på framføringa er av underordna betydning dersom det er slåttar som berre finst på dette eine opptaket.

– Har du dokumentasjon som samanliknar kor mykje eit arkivmateriale vert brukt før og etter det er tilgjengeleg på nett?

– Ja, det er interessante tal frå Ål bygdearkiv på nett for fyrste halvår 2017: 1 484 besøkande og 11 072 sidevisningar, der éi sidevisning er det same som speling av ein slått. For dei som fryktar uautorisert deling og distribusjon av folkemusikken som blir lagt ut på nett, kan eg melda at det berre er lasta ned 27 slåttar i same perioden. Eg trur òg at ein slik publiseringsmåte lét folk oppdaga meir materiale. Utøvarane som nyttar seg av arkivet er gjerne svært målretta, veit kva dei jaktar etter. Med betre søkefunksjon og enklare tilgang vil fleire kunne finna materiale dei ikkje visste fanst.

– Kva råd har du til arkiva i det vidare arbeidet?

– Eg trur LoCloud som publiseringsverktøy kan vera ein god innfallsvinkel, sjølv om det ikkje er eit sluttprodukt. Å digitalisera er ikkje å berga, slik mange trur – ein server har mykje kortare levetid enn eit spoleband. Men tilgjengeleggjeringa er med på å berga, og gjennom prosjektet i Ål bygdearkiv har ein kanskje skapt eit noko større medvit om at publisering både er mogleg og ikkje veldig farleg. Jo meir folkemusikkarkiva kan verta kjende med LoCloud-løysinga, jo større er sjansen for at dei initierer ein støttesøknad der dei vektlegg tilgjengeleggjering. Kulturrådet og Kulturdepartementet set som oftast tilgjengeleggjering som ein føresetnad for tilskot, og dermed trur eg nøkkelen ligg i dette medvitet.

LYDEN AV ARKIVET

På kva andre måtar vert stoff frå folkemusikkarkiva vist fram for ålmenta? Dette året har fire utøvarar frå Sogn og Fjordane gjort djupdykk i arkivet der – med konserten *Arvesølvet* som resultat. Prosjektet er eit samarbeid mellom fylkesarkivet og Førdefestivalen, inspirert av liknande samarbeid i Hedmark og ved Nasjonalbiblioteket.

– Utgangspunktet var å utvida brukarmassen til arkivet, og gi materialet ein ny aktualitet, fortel prosjektleiar Synnøve S. Bjørset. – Mange folkemusikkutøvarar i regionen brukar arkivet aktivt. Men kva skjer om ein inviterer inn utøvarar med ein litt annan bakgrunn?

Erlend Apneseth, Øyvind Hegg-Lunde, Hilde Marie Holsen og Linda Gytri hadde ikkje arbeid saman før. Dei har dels ulik sjangerbakgrunn og ulike innfallsvinklar til musiseringa.

– Me visste litt om kva landskap dei har bevega seg i, og tenkte at kombinasjonen kunne vera fruktbar. Me var òg nyfikne på kva eigenskapar i materialet dei ville finna interessante, fortel Bjørset, og gjev døme på innfallsvinklar dei presenterte:

– I konserten høyrer ein korleis utøvarane har likt dei ikkje-tilsiktla lydane i opptaka, henta fram døme på dette, og til dømes teke pratinga på opptaka med seg på scena. Me vert òg gjort merksame på korleis tramping av takta kan stå fram i lydiletet på slike opptak, og på det upretensiose ved sjangeren: Opptaka er gjerne gjort heime hjå folk, og spelemennene kan gjerne stoppa opp og byrja på att, og så vidare. Og så har dei fire utøvarane henta fram opptak av bygdekor, late seg fascinera av måten dei syng på.

Eit slikt prosjekt er interessant ikkje berre grunna det kunstnarlege resultatet, trur Bjørset.

– Konserten vart i seg sjølv, etter mi meining, svært vellykka. Samtidig har prosjektet spanande ringverknader. Kanskje kan det gjera fleire typar utøvarar interesserte i å oppsøka arkiva, og kanskje har me nått breiare ut gjennom desse fire musikkarane sine publikum, som omfattar fleire enn tradisjonelle folkemusikklyttarar.

TIL OG MED DEI UNGE

Ein annan måte å tenkja formidling på viser prosjektet Folkepedia, i regi av Noregs Ungdomslag.

NU har drive med opplæring innan folkedans i over 100 år, med hjelpemiddel som kurs, instruksjonsbøker og opplærings-DVD-ar – og no altså også *folkepedia.no*. Det er ein nettstad med opp-

læringsfilmar i folkedans, med barn og unge som dansarar.

– Ideen var å laga noko som var tilgjengeleg på ein litt annan måte, på barn og unge sine premiss, fortel prosjektleiar Halldis Folkedal.

I prosjektet er barn og unge både medverkande og målgruppa for filmene. I den grad det er sett ord på dansen, er målet at språket skal liggja så nært som mogleg det dei unge ville valt.

Prosjektet er i første omgang gjennomført som ein pilot, der ein har prøvd ut ulike måtar å laga slike filmar på. No er det innleia eit tre år langt framhald, med prosjektmidlar frå Landsrådet for Noregs barne- og ungdomsorganisasjonar og i samarbeid med fylkesarkivet i Møre og Romsdal og andre aktørar i fylket. Med lærdom frå førre runde er det også lagt inn meir tid til å laga kvar film, fortel Folkedal.

– Me vil få inn meir fakta og fleire historier rundt kvar dans, verta meir verbale og grundige i presentasjonen. Målet er at folk som ikkje har dansa før, kan få til noko gjennom å sjå desse filmene. Me ønskjer ikkje å erstatta instruktørleddet – Folkepedia er først og fremst til inspirasjon, så ein i neste omgang kan utforska dansane saman med andre.

Ein annan intensjon har vore å stimulera dansen i enkelte område.

– Mange stader er det vesentleg mindre aktivitet i dag enn for tjuve år sidan. Tanken med Folkepedia er òg å gå inn i lokalsamfunnet, prøva å byggja opp att barneleikarringar og bruka Folkepedia som gulrot og verktøy for å sikra vidareføring av dansane. Erfaringa er at opplegget gjev ein lokal boost – ungdommane synest det er stort at andre unge kan sjå dei andre plassar i landet.

– Korleis tenkjer de om å formidla arkivmateriale?

– Me har først og fremst nytta danserepertoaret til pedagogane i prosjektgruppa. I somme tilfelle er det basert på arkivstoff, men dette prosjektet er like mykje dokumentasjon og eit bidrag inn til arkivet. I så måte fyller me ut noko som manglar: Barn og unge er sjeldan å finna i arkiva – den sida av kulturen vår er lite dokumentert.

TRE UTØVARAR OM KORLEIS DEI NYTTAR ARKIVET

Kristoffer Kleiveland, toradarspelar, har fordjupa seg i notematerialet etter hardingfelespelemannen Nils Brakvatne frå Osterøy

Arkivet er meir enn stoffet som finst der. I arkiva lærer ein om spelestil og har høve til å samanlikna spel frå ulike tider og generasjonar. Dette kan ein bruka i eige spel, eller som bakgrunn når ein arrangerer. Når eg oppsøker arkiva vert eg meir medviten om korleis eg tileignar meg eit materiale. I arkivet har eg teke for meg ein spelemann om gongen, og ofte har eg jakta like mykje på levd liv som på musikken sjølv. I opptaka og dokumenta finst nettopp dette: små drypp av informasjon om plassen der spelemannen levde, og korleis samfunnet var på denne tida. Når eg nyttar materialet i mi eiga formidling, tenkjer eg gjerne på korleis eg kan knyta dette til vår tid.



Foto: Runhild Heggem

Eg har alltid likt å oppsøka arkiva, og tenkjer at det ligg ein fruktbar motstand i å snakka med etterkommarar og måtta leita fram materiale. Samtidig ville det avgjort gjera kvardagen enklare om alt var lettare tilgjengeleg. Eg skulle ønskt at meir av materialet låg fritt på nett.

Julie Alapnes, felespelar i ei rekkje band, har saman med Fotefar nyleg løfta folkeminnesamlaren Edvard Ruud sine arbeid fram frå arkivet

Det mest spanande med å gå i arkivet er å finna

musikk som andre kanskje ikkje har høyrte før. Det kjenst som å vera i eit skattkammer: å setja seg ned og undersøka gamle lydspor og tekstar, for så å blåsa liv i låtane og historia. Eg nærmar meg dette stoffet på ulike måtar, men forsøker alltid å syna respekt for utgangspunktet: Eg vil det skal vera mogleg å kjenna att arkivmaterialet i musikken min. I arbeidet med Edvard Ruud har me forsøkt å vera trufaste mot form og tekstar, men tenkt friare om mellomspel og akkordar, og ikkje minst sett det i ei rytmisk ramme.

Eg opplever at det er mykje god kunnskap mellom arkivarane, og at dei har god oversikt. Men eg skulle ønskt det fanst meir ressursar, så søka vart endå meir oversiktlege.

Marit Karlberg, folkesongar og langeleiksspelar, kjend for å ha nytta mykje tid i arkiva og for å finna nye måtar å bruka materialet på

Eg jobba svært mykje med arkivopptak då eg var yngre, og ser på denne fordjupinga som den viktigaste delen av eigenutdanninga mi som folke-musikar. Opptaka sette seg fast i kropp og sinn, og sjølv om eg i seinare år har nytta mest notenedteikningar og i tillegg skapt ny musikk, har kjennskapen til den gamle musikken gjennom arkivopptaka vore ein stor ressurs.

I dag vil folk ha det så lett-vint som mogleg, helst lære ferdigtogge materiale og surfa litt på Tidal, Spotify eller YouTube. Nokon klagar over at arkivmateriale er for utilgjengeleg. Og sjølv sagt hadde det vore flott om arkiva hadde fått auka res-

sursar. Men eg meiner det er ein god ting å forska litt og leggja ned eigeninnsats for å læra seg dette



Foto: Thomas Westling

materialet. Du får meir og breiare kunnskap, og stoffet vert ditt eige på ein annan måte. Og du vil oppdaga dei utømmelege musikalske ressursane som ligg der. Ta kontakt med din lokale arkivar!



Foto: Mona Ottesen, Norsk Munnharpeforum